

Teneste for psykisk helse på medlemsmøte i Ørsta Rotaryklubb:

– Aktivitet er nøkkelen til sjølvtillit

Psykiatritenesta i Ørsta er på flyttefot til Viketunet ved kyrkja, og på møtet i Rotary blei det hevda at det er viktig at ei slik teneste er plassert sentralt i Ørsta. Dei tilsette legg stor vekt på aktivitet i kvardagen til brukarane, noko som blant anna gjer at den jamne ørsting kan kome på besøk til Viketunet og få god og rimeleg mat.

Jan Vik og Joanne Picton Aarseth jobbar begge i det som ofte blir kalla psykiatritenesta i Ørsta, men som korrekt heiter Teneste for psykisk helse. Totalt er det ni årsverk tilknytt den tverrfaglege institusjonen, bla psykiatrisk sjukepleiar, ergoterapeut, barnepedagog og hjelpepleiar. Jan Vik er einingsleiaren for Teneste for psykisk helse og Joanne Picton Aarseth er dagleg leiar for Møteplassen aktivitetssenter.

God løysing i nye lokale

Teneste for psykisk helse er no på flyttefot frå Trico-bygget til Viketunet, dei nye lokale ved kyrkja. Det er ei fornuftig og god løysing å plassere dei psykiatriske bustadene og aktivitetssenteret i sentrum, hevda Jan Vik på møtet i rotaryklubben.

Medan ein historisk har hatt store institusjonar som tok seg av psy-



Einingsleiar Jan Vik er fornøgd med nylokaliseringa Teneste for psykisk helse i Ørsta. Det er viktig at brukarane får eit tilbod i sentrum av Ørsta, hevda han overfor rotarymedlemmene.



Medlemmene av Ørsta Rotaryklubb stilte spørsmål om samanhengen mellom manglande psykiatrisk oppfølging og dei grove brotsverka som blir presentert i media.

kiatriske pasientar, så blei dette på 1970-talet gradvis avvikla og på 1990-talet blei pasientane flytta tilbake til heimkommunane. I Ørsta kommune har oppbygginga av dei kommunale tenestene vore prioritert i perioden 1998–2008.

Aktivitet er nøkkelen

Det nye huset har eit vidt spekter av tilbod; drivhus, snikkar- og sykkelverkstad, kafé, arbeidskjøkken mv. Det blir lagt stor vekt på brukar-medverknad, då aktivitet i seg sjølv er ein viktig del av behandlinga i psykisk helsevern. Å fungere i ein jobb betyr mykje for sjølvbildet for alle, og brukarane på Viketunet er ikkje noko unntak.

Viketunet inneheld også leilegheiter, og dei 16 leilegheitene på 55 kvadratmeter blir leigd ut til kr 5.500 pr måned, noko som vil vere sjølvfinansierande for kommunen.

Psykiatri og brotsverk

Medlemmene i Ørsta Rotaryklubb peikte på medieopplaga siste tida med både terrorsaka og Sigridsaka, der manglande oppfølging frå psykiatrien har blitt trekt fram som årsak til brotsverk. Einingsleiar Jan Vik peiker på at Ørsta kommune jobbar langt unna slike problemstillingar. Det er ikkje

samsvar mellom det å ha psykiske problem og det å gjere brotsverk.

Det blir vidare arbeidd med ei akuttambulans teneste, dvs at ein skal rykke ut innan fire timar. Der tek ein med lege og ein kan legge inn pasienten på Søre Sunnmøre Distriktpsikiatrisk Senter i Volda om nødvendig. Ørsta kommune gjer i all hovudsak eit godt grunnarbeid i psykisk helsevern, hevda Jan Vik på rotarymøtet.

Eit tilbod til folk flest

Ørsta kommune finansierer Teneste for psykisk helse, og det er ikkje øyremerkte midlar til dette frå Staten. Aarseth håper at desse tenestene ikkje blir ramma av kutt i dei økonomisk vanskelege tidene som Ørsta kommune no opplever.

Viketunet er eit tilbod for heile Ørsta kommune, frå dei som opplever «små humpar» i livet til dei som har tyngre psykiske plager. Aktivitetssenteret er ope 28 timar fordelt på fem vekedagar.

Joanne Picton Aarseth oppfordrar ørstingane til å stikke innom midt i sentrum. Vi er stolte av lokala våre, og du kan få både rimeleg og god mat, poengterte Aarseth overfor Ørsta Rotaryklubb.

Geir Høydalsvik



Joanne Picton Aarseth peikte på at aktivitet er viktig for å auke sjølvtiliten på møtet hos Ørsta Rotaryklubb.

**Kjøp 2
par sko**